

Bjarte J Skintveit - Steinberget - 5917 Rossland
tlf. 45066764 - e-post b-bass@online.no

Berit Eskeland
Meland kommune

Dykkar ref.:
Vår ref.: BJS

Dato. 23.11.2017

Motsvar - Istandsetting etter arbeid med vassleidning over GBNR 43/7

Viser til brev 25.09.17

I arvtale mellom kommunen og grunneigar står det om kommunen sitt ansvar for skader på tre, hekk, bygninger og liknande (punkt 3) Før kommunen tok til med legging av vassledning var her ein steingard og ei rekke med grantrær. Etter at kommunen var ferdig med arbeidet mangler ca 15 m steingard og ei rekke grantrær.

Kommunen vil no ikkje sette på plass steingard, då dei meiner at skader på steingarden ikkje er forårsaka av arbeidet med legging av vassleidninga, men derimot at den hadde vore øydelagt frå før. For å erstatta funksjonen som grenseskille tilbyr kommunen å setta opp gjerde evt. planta nye trær.

Kommunen har lagt fram 1 bilete av staden frå før arbeidet tok til, og det er henta frå Google street view, teken frå hovudvegen. Bilete er noko uskarpt og mørkt men ein kan likevel sjå at her er ein steingard.

Steingarden vart bygd som eit grenseskilje mellom eigedommane. Den er og eit minne om dei gamle som dyrka opp garden. Å setta opp steingarder var tidlegare ein tradisjon, - noko som me ser på dei fleste gardane. Vi har og fleire steingardar på eigedommen - f.eks. den gamle heradsgrensa (mellom tidl. Meland og tidl. Herdla)

Steingard er eit vakkert og nærast vedlikehaldsfritt byggverk. Eit gjerde har ikkje same verdiane.

Det synes som kommunen er einig i at her har stått ein steingard. Vi meiner at kommunen ikkje har grunnlag for å hevda at steigarden var øydelagt frå før. Bilete syner at her var ein steingard - kan hende nokre steinar hadde ramla av, men her var likevel ein steingard.

På begge sider av anleggstaden står resten av steingarden, men den kan ikkje gje oss nokon god referanse på korleis tilstanden var før gravearbeidet, fordi seinare arbeid med felling av trea har rive av stein.

Det er imidlertid fleire komplette "bitar" av steingarden, og målingar av desse syner ein høgde på rundt 50-70 cm. - målt frå bakken. Ein må gå ut frå at dette også var tilfelle på anleggstaden.

Det kan være tvil om tilstanden på steingarden, men anten den var i god eller dårleg stand har kommunen fjerna den under arbeidet med legging av vassleidning, og kommunen skal etter vår oppfatning utbetra skaden i tråd med grunneigaravtala.

Kommunen hevdar at steinen frå muren vart lagt til side. Dette stemmer ikkje då det berre ligg nokre få steinar på nedsida mot den gamle muren - anslått til 5-8 stk. Dette er ikkje nok til 15 m mur. Vi mistenker at noko av steinen kan ha vorte gravd ned då det her vart sprengt fjell i høve legging av vassledninga.

På bakgrunn av dette så meiner vi at kommunen er pliktig til å erstatta manglande stein og legga desse på plass slik det var før arbeidet med vassleidninga. Vi ønsker ikkje eit gjerde, eller nye trær som kompensasjon. Meiner kommunen det ikkje er råd å bygga oppatt muren må dei kompensera for tapet.

med helsing



Bjarte Skintveit

Bjarte J Skintveit